

Kommunal- og distriktsdepartementet og
kunnskapsdepartementet

Dato	12.12.2022
Vår referanse	2022/46425-6
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Berit Nyland
E-post	Berit.Nyland@vlfk.no
Telefon	47489574

Innspel til årleg stortingsmelding om samisk språk, kultur og samfunnsutvikling

Vi viser til brev av 10.11.2022 der Kommunal- og distriktsdepartementet og Kunnskapsdepartementet ber om innspel til den årlege stortingsmeldinga om samisk språk, kultur og samfunnsutvikling, med fokus på korleis rekruttering til samisk opplæring kan aukast.

Vestland fylke har i dei seinare åra sett ei svak auke i elevtalet med opplæringsrett i samisk (opplæringslova § 6-3) ved dei vidaregåande skulane. I mangel på eigna undervisningskompetanse i samisk, vert dei fleste elevane tilbydt fjernundervisning i regi av samiske vidaregåande skular. Ei stor utfordring med opplæringa er at den tidvis ikkje kjem i gang ved skulestart.

Årsakene til dette kan vere fleire, men den største utfordringa for skuleeigar er å innhente informasjon om tal elevar som har lovfesta rett til opplæring i samisk ved inntak til vidaregåande opplæring. Utan statistikk, er det utfordrande å iverksette målretta tiltak som kan medverke til auka rekruttering til opplæring i samisk språk ved dei vidaregåande skulane.

Kunnskap om storleik på den samiske befolkninga i fylket hadde vore til stor hjelp her og vi oppfordrar aktuelle aktørar som t.d. Sametinget og evt. samiske interesseorganisasjonar om å bidra til slik informasjon.

Informasjon og rettleiing av skulane og den samiske befolkninga er viktig i arbeidet med å ivareta den lovfesta retten til samisk for samar i vidaregåande opplæring. Vestland har, i mangel på tilgang til offisiell statistikk, iverksett tiltak som kan vere med på å anslå elevtalet og slik auke rekrutteringa ved innsøking til vidaregåande opplæring. Denne kunnskapen kan hjelpe skulane med å tilrettelegge for opplæringa allereie ved skulestart. Vårt mål er at desse tiltaka skal vere med på å bidra til auka rekruttering til opplæring i samiske språk. Følgande tiltak vart iverksett skuleåret 2021/22:

- I søknadsskjema for inntak til vidaregåande opplæring har vi sett inn ei kolonne for avkryssing der søkjar kan melde inn ønske om opplæring i samisk.
- Vestland fylkeskommune har utvikla rutine og rettleiar for skulane som tek inn elevar med opplæringsrett i samisk. Denne omtalar ansvarsfordelinga mellom skuleeigar og skule og beskriv korleis skulen skal gå fram når elev med rett til opplæring i samisk får tildelt plass. Når inntaket er ferdig, tek skuleeigar direkte kontakt med den aktuelle skulen for å informere om rutina og svare på eventuelle spørsmål.

I arbeidet med den lovfesta retten til opplæring i samisk, fryktar vi at det kan vere mørketal i den samiske befolkninga når det gjeld lovparagrafen her. Dette oppfordrar vi aktuelle aktørar om å sjå nærare på.

Med helsing

Sissel Brusegård

leder

OPK - Kvalitetsutvikling

Berit Nyland

seniorrådgiver

OPK - Kvalitetsutvikling

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift